


Innsynskrav kommunikasjon

Per Lerøy <Per.Leroy@austrheim.kommune.no>

6 July 2023 at 14:23

To: Marius Ambakk Bjørkedal <marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com>

Cc: Bjørnar Fjellhaug <bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no>, Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>, Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>, Post Austrheim <post@austrheim.kommune.no>



Hei igjen.







Firmaet som var involvert i reinsinga av borekaks på Mongstad var TWMA Norge AS og den som var ansvarleg for arbeidet var John-Kåre Krokene. TCC RotoMill er den tekniske prosessen som vart nytta for å skilja borekaksen frå olje og andre væsker i avfallet som skulle reinsast. John-Kåre Krokene sat ein periode som representant for miljøpartiet Venstre i Austrheim kommunestyre. Eg ser det som utenkjeleg at TWMA Norge AS eller John-Kåre Krokene gjorde noko som var ulovleg med tørrstoffet frå reinseprosessen. Hugs at oljeselskapa som TWMA Norge AS jobba for, har og hadde gode oppfølgingsrutinar for å hindra at avfall som kan sporast tilbake til selskapa, kjem på avvegar eller blir deponert ulovleg. Eg ser det også som utenkjeleg at Odd Haugen etter tolv år vel å køyra borekaksblanda jord ut av det deponiet som vart etablert i perioden 2006 – 2011. Han veit svært godt at Naturvernforbundet i Nordhordland overvakar alt han gjer.

Eg er redd for at utfordringa her er at nokon ønskjer å gje Odd Haugen eit negativt omdømme, det har dei alt gjort fleire forsøk på. Årsaka til det er at han, som grunneigar, har starta ei lovleg regulering av næringsområdet i Øksnesmarka. Dette vil nokon gjera til ei politisk sak i valkampen, sjølv om kommuneplanen frå april 2019 slår fast at om lag 550 dekar av Øksnesmarka er næringsareal og kommunestyret har gitt grønt lys til oppstart av reguleringsarbeidet.

Les vedlegga, så forstår du meir av saka. Ta gjerne kontakt med John-Kåre Krokene for å få meir detaljar omkring prosessen med å etablere eit deponi for borekaks i Leirvågen. Han bur i Tønsberg og er framleis aktiv i Venstre.

[Quoted text hidden]

6 attachments

-  **Aksjonsgruppa for Øksnesmarka.docx**
16K
-  **Skriv om Øksnesmarka.docx**
4183K
-  **Sirkulær og bærekraftig næringsutvikling på Oksneset, Austerheim kommune.pdf**
1936K
-  **Svar til aksjonsgruppa.docx**
23K
-  **Bioforsk Prosessert TCC.pdf**
1966K
-  **Bioforsk Runoff Storemyra.pdf**
1507K